



Arkivnr: 2015/7757-4

Saksbehandlar: Knut Djuve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	14.02.2016
Fylkesutvalet	29.02.2016

Omklassifisering av strekning av Rv 13 utanfor Jobergstunnelen - høyring

Samandrag

Statens vegvesen føreslår at gamlevegen utanfor Jobergstunnelen i Øvre Granvin - Voss vert omklassifisert til kommunal veg når ny vegtrase i tunnel er ferdig. Etter veglova § 7, 1 ledd er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering av riksveg. Hordaland fylkeskommune og kommunen der vegen ligg, skal få gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Strekninga utanfor Jobergstunnelen som er føreslege omklassifisert går frå krysset ved Seim i nord, gjennom Øvre Vassenden, til krysset ved Holven i sør. Grunngevinga for omklassifisering er at vegen sin funksjon etter at det vert bygd ny vegtrase i tunnel, blir som lokalveg og som omkøyringsveg for gåande og syklistar.

Fylkesrådmannen ser det urimelege i at ein liten kommune med avgrensa ressursar til vegvedlikehald blir pålagt ansvaret for ein svært rasfarleg veg som dette, med dei potensielle utgiftene dette kan medføre til vedlikehald og evt. nye rassikringstiltak. Fylkesrådmannen tilrår difor at gamlevegen utanfor Jobergstunnelen ikkje blir omklassifisert til kommunal veg, men får framleis status som riksveg.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tilrår at gamlevegen utanfor Jobergstunnelen på Rv. 13, ikkje vert omklassifisert til kommunal veg, men får framleis status som riksveg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Omklassifisering av strekning av Rv 13 - Gamal veg utanfor Jobergstunnelen i Granvin herad
- 2 Omklassifisering av strekning av Rv 13 utanfor Jobergstunnelen - høyring

Fylkesrådmannen, 08.01.2016


Statens vegvesen føreslår at gamlevegen utanfor Jobergstunnelen i Øvre Granvin - Voss vert omklassifisert til kommunal veg når ny vegtrase i tunnel er ferdig. Strekninga som er føreslege omklassifisert er heile gamlevegen Rv 13 frå kryss ved Seim i Nord, gjennom Øvre Vassenden, til krysset ved Holven i sør.

Etter veglova § 7, 1 ledd er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Kommunen og fylkeskommunen der riksvegen ligg skal få gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Statens vegvesen grunnjev tilrådinga om å omklassifisera til kommunal veg med at vegen vert betydeleg avlasta, og vil endra sin funksjon betydeleg etter at det er bygd ny vegtrase i tunnel (sjå vedlegg 1, brev frå Statens vegvesen av 27. juli 2015). Den funksjonen vegen vil få er som lokalveg og som omkøyringsveg for gåande og syklistar. Denne funksjonen tilseier omklassifisering til kommunal veg.

Statens vegvesen gir slik tilråding med fylgjande forslag til statusendring:

«Heile gamlevegen Rv 13 (Rt 13) frå krysset ved Seim i nord, gjennom Øvre Vassenden, til krysset ved Holven i sør vert nedklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkøyringsveg for gåande og syklistar, men kan vera vinterstengd. Vedtaket om nedklassifisering vil vera gyldig frå det tidspunkt det vert sett trafikk på den nye vegen/traseen/tunnelen.»



Granvin herad har gitt uttale til saka (sjå vedlegg 2). Heradet er sterkt i mot at vegen skal verta kommunal, og viser til at heradet allereie har 50 km veg å ta vare på, som er meir enn ein har budsjett til. Ein viser og til at vegen er rekna som svært rasfarleg, og heradet har ikkje har menneskap eller midlar til å halde denne vegen i forsvarleg stand. Alternativ for kommunen er å stenge denne vegen heilt både for syklande og gåande.

Fylkesrådmannen ser det urimelege i at ein liten kommune med avgrensa ressursar til vegvedlikehald blir pålagt ansvaret for ein svært rasfarleg veg som dette, med dei potensielle utgiftene dette kan medføre til vedlikehald og evt. nye rassikringstiltak. Vegstrekninga har liten nytte som lokal veg, og Granvin herad opplyser i høyringsuttalen at vegen sannsynlegvis vil bli stengd heilt for både syklande/gåande og køyrande dersom den blir omklassifisert til kommunal veg.

Fylkesrådmannen tilrår difor at gamlevegen utanfor Jobergstunnelen ikkje blir omklassifisert til kommunal veg, men får framleis status som riksveg. Statens vegvesen kan i so tilfelle ta stilling til om vegen skal stengast eller ikkje.